

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.05.2014.

Aslaug Hellesøy sette fram følgjande endringsforslag til pkt. 3, første setning:

«Hordaland Fagskulestyre godkjenner kvalitetsmålet for den enkelte fagskule».

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Hellesøy sitt endringsforslag til pkt. 3, første setning.

VEDTAK

1. Hordaland fagskulestyre vedtek revidert kvalitetssystem for Fagskolane i Hordaland
2. Følgjande kvalitetsmål vert vedteke for skuleåret 2013/14:

Fagskolane i Hordaland skal ha høg kvalitet på sine utdanningar.

Kvalitetsindikatorar:

- Gjennomstrømming og fullført utdanning
 - Det er eit mål å auke gjennomstrøminga ved Fagskolane i Hordaland. Målinga vert gjort mellom teljetidspunkta oktober og mars kvart år.
 - Det er eit mål å auke talet på studentar med fullført utdanning.
- Det totale læringsmiljø
 - På spørsmål om det totale læringsmiljø i studentevalueringa, med ein skala frå 1 til 6, er det eit mål å ha ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5.

Styret skal årleg vurdera måloppnåinga gjennom kvalitetssystemet og ta avgjerd om eventuelle korrigerande tiltak.

3. Hordaland fagskulestyre godkjenner kvalitetsmålet for den enkelte fagskule. Fagskulane rapporterer om måloppnåing i sine årsrapportar til fagskulestyret i september.